



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde
postmottak@fmmr.no

Kristiansund, 24.11.2011

FRÅSEGN – Ny søknad om etablering av asfaltverk på Husøya

Vi viser til søknad som ligg til høyring.
Naturvernforbundet meiner at denne etableringa ikkje skulle ha funne stad i første omgang, og at ho derfor ikkje bør vidareførast.

Vesentlege delar av Husøya bør førast tilbake til LNF-område slik at det kan vere ei viss buffersone mellom eventuell anna verksemd og det verna området på Fugløya. I Miljøverndepartementet si fråsegn dagsett 31.3.1992 låg det ei klar oppmoding om at dei aktuelle areala inntil det som no er verna naturreservat skulle førast tilbake til LNF- område. Dette har departementet langt på veg stadfesta i e-post dagsett 26.10.2011

Søknaden representerer verksemd som vil skje så nære inntil det verna området ein kan kome, og både verksemda og eventuelle ikkje planlagde følgjer av verksemda kan få store negative konsekvensar for naturverdiane både på Fugløya og Bolgleira. Verneområdet er lite og utan buffersone. Difor er det vesentleg at areala på Husøya på den delen som er nærast verneområdet blir brukt til verksemd som er fordelaktig for fuglelivet, og ikkje motsett.

Naturvernforbundet er kjent med fråsegna frå Bolga velforeining, dagsett 20.11.2011. Deira fråsegn får fram dei momenta som Naturvernforbundet vil gjere gjeldande innan biologiske tilhøve og friluftsliv, så vi viser til denne.

Med helsing

Anne Cathrine Holthe

For styret i Naturvernforbundet i Kristiansund og Averøy